

+ KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 1 MARS 2009
34. ÅRGANG

AVE MARIA !

VÉR HELSA, MARIA, DU SOM HAR FÅTT NÅDE!
HERREN ER MED DEG. VÉR IKKJE REDD! FOR DU HAR FUNNE
NÅDE HJÅ GUD.
DU SKAL VERTA MED BARN OG FÅ EIN SON, OG DU SKAL GJE
HAN NAMNET JESUS.

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 71

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve, Haus
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21
Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:


Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Anne Mari Persen
Jostein T. Reigstad, Tove Mostrøm Fjeldstad,
Frode Johnsen, Johannes Melve,
Wenche Fiskesteth

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Oddmund Vevle
Hosanger: Katja Litland
Hamre: Tove Klepsvik
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Johannes Melve

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 47 61 81 24
E-mail: kristofferfo@gmail.com
Johannes Melve
Layout: Oda Karoline Foldøy



Snøklokker i mars

Maria bodskapsdag feirar vi 24. mars til minne om hendinga som det er biletet av på framsida: Engelen Gabriel kjem med beskjed om Guds plan for Maria. Biletet er laga av ein italiensk målar som vart kalla Fra Angelico. ”Førenamnet” Fra er ei forkorting av ordet Frater, som tyder bror. Målaren var munk i domenikanarordenen. Angelico tyder som ein engel. Det eigentlege namnet hans, Guido di Pietro, er det ingen som brukar. Fra Angelico var ein from munk som måla kringom i Toscana, og biletet er laga i den perioden vi kallar unggrenessansen, kring år 1440.

Vi ser Maria som får besøk av engelen. Som ein stråle kjem Den Heilage Ande inn mot Maria og gjer henne med barn. Symbolet for anden, dua, er inne i strålen.

Ute til venstre ser vi ei anna scene: Det er Adam og Eva som blir jaga ut av Paradishagen. Fra Angelico vil at vi skal forstå samanhangen mellom dei to motiva. Det som hender med Maria er ein konsekvens av syndefallet: Jesus vart fødd for å sona menneskesynda.

Kunstnaren har lært seg bruken av perspektivet, som var ei banebrytande nyvinning på denne tid. Maria set i si himmelblå kappe, ho vert forstyrra av engelen medan ho les i boka som kviler i fanget hennar. Bygningen ho set i er i ein stil som var moderne på 1400-talet, med himmelfarga tak.

Legg merke til korleis engelen og Maria helsar kvarandre, med krosslagde armar. Harmonien i hovudmotivet står i kontrast til fortvilinga som rår hjå dei to som blir drivne ut or Paradiset.

- Kristoffer Foldøy

ANDAKT

ved Johannes Melve



Faste har ikkje så mykje å seia for dei fleste.
Fastetida er 40 dagar før påske. Dei 40 dagane har til mönster at Jesus fasta i 40 dagar og 40 netter. Når påskedag kjem, er det fest. Då er fasten slutt, og gleda kan få overtaket. Dei som kjenner best til faste, er dei som vil slanka seg ved å eta mindre. I katolske land skal dei ikkje eta kjøt, berre fisk er lovleg i fastetida. Det har vore ei stor vinning for vårt land som på den måten har selt klippfisk til folk i katolske land. Karneval hører heime i tida like før fastetida tek til. Ordet *karneval* tyder *farvel til kjøtet*. Det gjeld å festa før fastetida set stopp for karnevalsopptog og den slags moro. Faste er tida for ettertanke og alvor. I seinare tid har Kyrkjas Naud-hjelp overteke litt av innhaldet i fastetida. **Faste for vår neste** er ord som gjev mening til fastetida. Medan den opphavlege fasten kunne verta sjølvstert og oppteken av mest korleis eg har det, er billetet no utvida til nesten, korleis han har det. Og det er vel berre godt i ein religion som har nestekjærleik som eitt av dei store orda.

Om faste er ukjent for dei fleste, i si opphavlege tyding, er ikkje alvor og ettertanke framand –element i kristendomen. **Både faste og fest hører med i kristen tru.** Me har hørt at det stundom er rett å ha to tankar i hovudet samstundes. Her er det i alle fall rett. Både desse sidene av kristen tru må vera med.


Fest fylgjer etter fastetid. Påsketida då Jesu oppstode skal feirast, er ei festtid. Oppstoda forandra alt for Jesus. Og hans oppstode forandrar alt for den som

trur på han. Den som trur på meg, har evig liv, sa Jesus. Han lova liv ikkje berre ein gong i framtida, nei, det evigelivet tek til her på jorda når du trur på Jesus. Ja, det må starta her om det skal verta fullkome ein gong. Festen startar her på jorda. At han skal verta fullkommen ein gong, det står fast, men må ta til her i tida. Og så lenge me lever her på jorda, lever me i tru, ikkje i syn. Det vil seia at liver her på jorda er ufullkome. Det fullkomne hører til i den verda Gud skal skapa ein gong; då alt er nytt og godt.

I fastetida kjem **Maria bodskapsdag, Marimesse,** som ein festdag. Den dagen er fasten borte. I kyrkja brukar me kvitt som farge, fest- og gledefargen. Då er det fest fordi Maria sa ja til å verta mor for han som er verdas Frelsar. Ho sa ja til Gud sjølv om det kosta. Festen er dyrt kjøpt og betalt. Maria måtte sjå sin eigen son døy på ein kross. Ho fekk ikkje noko lett liv. Og Jesus sjølv betalte for festen me får. Han var Guds lam som bar all verdens synd. Han vart knust under den børa – for at du og eg skal få leva.

Marimesse er ein fest som kjem litt før påske. Festen som denne dagen er, er ein føresmak på den festen som fylgjer påskedag når me feirar at Jesus stod opp frå dei døde. Sundagane i fastetida tel ikkje med som fastedagar. Sundagane er til minne om at Jesus stod opp på ein sundag. Så kraftig verkar hans oppstode at ho “slå i hel” fastetida. Jesu oppstode er det alt står og fell med i kristendomen.

Jesus lever – og difor er det både fest og faste.



**Tidlegare sokneprest i Osterøy:
NILS-AKSEL DANBOLT MJØS**

Nils-Aksel Danbolt Mjøs er ein mann med mange gjermål, sjølv om han har nådd ein alder som for dei fleste begrensar aktivitetsnivået. Då eg tok kontakt med heimen for å avtala eit intervju, fekk eg beskjed om kva tid på dagen han var å treffa. Han har tydelegvis stram regi på dagane sine, og eg forstår fort at intervjuobjektet mitt er ein engasjert mann som framleis trivst med å ta aktivt del i si samtid.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Foto: Mats Sævig

Eit eksempel er uttalen hans om salmeutvalet i den nye salmeboka som skal koma. Nils-Aksel stiller seg kritisk til at så mange eldre nynorske salmar er tekne ut i det nye forslaget, og har blitt intervjua på radio og sitert i fleire aviser om dette emnet.

Vi møtes på Bergen bymisjon sin kafe "Magdalena". Nils-Aksel er ein høg og rakrygga mann, med ein fotografisk hukommelse og stor sans for spennande avsporingar. Redaktøren må vera kynisk og har festa bestemt i bakhovudet at dette ikkje skal verta meir enn ein to-siders artikkel.

Oppvekst

Far til Nils-Aksel var også prest, og kom frå Mjøsdalen på Osterøy. Mora var lærarutdanna, og hadde allereie hatt arbeid i Bergenskulen i åtte år då ho gifta seg. Etter avslutta presteteneste på Storebø, Austevoll, var familien akkurat kome til ny gjerning på Rommetveit, Stord, då gutten kom til verda våren 1935.

Det var på Stord han vaks opp og hadde si ungdomstid. Barneskulen han gjekk på i sju år vart nytta som øvingsskule for Stord lærarskule. Så var det slik at framhaldsskulen flytte seg kringom i bygdene og blei ikkje arrangert kvart år alle stader. For å sleppa ventetid, flytta Nils-Aksel på hybel til Huglo og tok framhaldsskulen der i 1949-50. Sidan tok han realskuleeksamen på Stord våren 1952.

- Så vart dei tre gymnasåra i Bergen eit nytt og godt kapittel for meg, seier han. Det var om lag like mange utanbys elevar som det var folk frå Bergen på skulen, og eg hadde stor slekt på mor-sida i byen. Og i Mjøsdalen på Osterøy tok farmor Johanna Eriksen Mjøs gjestfritt i mot meg.

Nils – Aksel tok artium på Bergen katedralskule, latinlinja, i 1955.

Val av yrke

-Det var både ei plikt og eit kall å bli prest. Kullet som tok artium i 1955 var så lite! Det var berre nokre få som tok til på dei to fakulteta i Oslo den hausten i lag med meg: Berge Furre, Arve Brunvoll og ni andre.

- I Oslo hadde eg onkel og tante i tre heimar. Lars Johan Danbolt var prest i Bærum. Broren Erling var dr. theol., nettopp heimkommen frå presteteneste på Madagaskar. Han vart forresten professor på NLA i Sandviken, Bergen, kring 1969. Og så var det bror nummer tre, Nils Danbolt, han var professor ved Rikshospitalet.

- Eg budde på studentheimen til Det Teologiske Fakultetet mesteparten av prestestudietida mi.

- Ho som skulle bli kona mi vart eg også kjend med i Oslo, sjølv om Åslaug også kjem frå Stord. Ho tok lækjarutdanninga si i hovudstaden. Vi gifta oss på Stord i juni 1963.

Nils-Aksel og Åslaug har fire born : Aksel (f. 1964), Anne Kristine (f.1966), Ingebjørg (f.1970) og Audun (f.1976).

I arbeid


Etter endt sivilarbeidsteneste reiste Nils-Aksel og Åslaug nordover til presteteneste i Alstahaug prestegjeld.

- Det var ein studiekamerat frå Kirkenes som fekk meg interessert i det nord-norske og det samiske, fortel han.

Nils-Aksel vart ordinert til prest i Leirfjord kommune av biskop Wisløff. Sidan vart han stiftskapellan i Vefsn, Mosjøen. Åshild arbeidde som bedriftslækjar på aluminiumsverket samstundes, og ho vart også nytta av bispedømerådet til diakonioppdrag.

- Eg har teke eksamen ved Karasjok gymnas i samisk, og har vore konsulent for samiske gudstenester i Bergen etter at eg kom dit. På tidleg 1970-tal tok han også til å studera emner frå tyskamerikanaren Paul Tillich. Han fekk stipend til studier i Oslo og i Göttingen. Tillich var teolog og religionsfilosof, og vert rekna som ein av dei viktigaste teologiske tenkjarane i det 20. århundre.

-Så følgjer Osterøy-åra mine. Eg var sokneprest frå



Slik vi hugsar han frå tida som sokneprest i Osterøy

1975, same året som Harald Grønnevik kom dit. Vi budde i prestehuset på Haus. Tenesta mi rakk fram til 1984, då eg vart vikarprest i heile Bjørgvin. Ei tid budde vi i eit hus eg hadde kjøpt på Votlo, før vi flytta til Bergen. Sidan har eg vore statsstipendiat hjå Kulturdepartementet.

Bror i Nobelkomiteen

Nils-Aksel har ein fire år yngre bror som fyller 70 år på kvinnedagen, 8. mars. Heile Noreg kjenner til Ole Danbolt Mjøs, leiar av den norske Nobelkomiteen. Tidlegare var han rektor ved universitetet i Tromsø. No bur Nils-Aksel og Åslaug sentralt i Bergen. Men han har enno ulike oppdrag. Annankvar måndag held han andakt i Korskirken. På Maria bodskapsdag skal han vera med under ei samisk gudsteneste i Domkyrkja.

Den tidlegare soknepresten i Osterøy meiner at det alt for tidleg å føra inn ei ny salmebok godt og vel tjue år etter Norsk salmebok kom ut til kyrkjene.

- Det hastar ikkje med innføringa. Vi bruker tid på å bli kjend i ei salmebok. No vil dei sløyfa 250 salmar, og ta inn nye 359. Og så reduserer dei nynorskandelen frå 40 til 35%!

Så seier ein engasjert Nils-Aksel Danbolt Mjøs, som vil helsa lesarane med desse orda frå Jobs bok: Herren gav, Herren tok, Herrens namn vera lova!

Nils-Aksel Danbolt Mjøs

Fødd 1935 i Bergen

Foreldre: Aksel Mjøs og
Catharina Helene, f. Danbolt.

Tok artium i 1955

Cand.teol. Oslo 1962

Gift i 1963 med Åslaug,
f. Hetlesæter

Prest i Alstahaug 1964-68

Prest i Vefsn 1968-71

Stiftskapellan sør-Hålogaland 1971-75

Sokneprest i Osterøy 1975-84

Vikarprest i Bjørgvin 1984-94

Statsstipendiat frå 1994

ROADSERVICE I OSTERØYHALLEN




Tekst: Inge Sørheim

Foto: <http://www.roadservice.no/>

Laurdag 14. mars fekk konfirmantane på Osterøy besøk av Roadservice. Roadservice er eit omreisande team med 7 spreke ungdommar som har undervisning og konsert.

I Osterøyhallen fekk konfirmantane først vere med på to samlingar. Den første handla om Gud og fellesskap, den andre om Solidaritet og Fasteaksjonen SOS frå sør. Innimellom var det tid for aktivitetar: klatrevegg, fotball, innebandy og kafé.



KYRKJEVALET HAUSTEN 2009

Kyrkjevalet som skal gjennomførast 13. og 14. september er historisk. For første gong skal alle sokn i landet arrangere val samstundes med Stortingsvalet. Nytt er det også at alle røysteføre – cirka 3,1 millionar nordmenn – bestemmer kven som blir medlemmer av Kyrkjemøtet.

Tekst: Helge Kolstad

Det skal leggast opp til rekordmobilisering i forbindelse med nominasjonsarbeidet denne våren. Målet er å få 30 000 medlemmer i Den Norske Kyrkja til å stille til val. Den store mengd kandidatar trengs til dei 1280 sokneråda over heile landet. Og fordi det for første gong er direkteval til bispedømeråda og Kyrkjemøtet, trengs også ca 230 gode kandidatar til desse verva.

- Det er både spennande og viktig å stille til val i kyrkja. De som blir valde inn bestemmer kva som skal skje i kyrkja de høyrer til i og påverkar arbeidet i dykkar lokalsamfunn. Mange tenker kanskje ikkje på kyrkja i det daglege, men ved dei høgtidelege anledninga som dåp, bryllaup og helgedagar er kyrkja ein naturlig stad å oppsøke. I tillegg er det gjevande arbeid å vere med på: Å forme den viktige samfunnsinstitusjon som kyrkja er i det enkelte lokalsamfunn.

Men er eg den rette?

Kvar hundre nordmann skal i år stille til val som medlem av eit råd i kyrkja. Og kravet som stilles til kandidatane, er at dei er medlem i Den Norske Kyrkja og over 18 år. Så er du døypt og myndig, er du ein potensiell kandidat.

Det er eit uttalt mål at kvar femte rådsmedlem skal vera under 30 år. Altså bør 6000 unge komme på lista over kandidatar til sokneråd og bispedømmeråd. Kyrkja vår famnar alle aldersgrupper, men har særlig fokus på barn og unge. Derfor er det viktig å få også den yngre generasjon sterkare inn i råd og styre. Også menn er særlig velkomne. I sokneråda i dag er kvinnene i stort flertall.
- Vi ønskjer ein balanse både mellom kjønn og aldersgrupper for at sokneråda og Kyrkjemøtet skal vera best mogeleg representativt.



Er du, eller kjenner du, ein god kandidat? Alle sokn har oppretta eigne valteam i forbindelse med valet i haust. Dersom du har lyst til å stille til val eller har tips om nokon som vil kunne passe, kan du kontakte ditt lokale kyrkjekontor. Adresser og telefonnummer finn du i Kyrkjehelsing.

Tala sin tale og nye mål

Valoppslutning for fire år tilbake var på 4,2 prosent av dei ca 3 millionar røysteføre. 128.000 stemde ved 2005-valet. Kyrkja sitt valsekretariat har eit håp om å auke oppslutninga betrakteleg. Valet skal

bli synleg for alle kyrkja sine medlemmer i form av ulike kampanjar, og urnene skal bli meir tilgjengelege fordi valet vert gjennomført samstundes med Stortingsvalet.

I haust er det dessutan ei ny gruppe som kan i stemme ved Kyrkjevalet. Alle døypte 15, 16, og 17-åringar inviterast til urnene. Totalt vil cirka 3,1 millionar være røysteføre ved Kyrkjevalet i september. For Osterøy prestegjeld

Vi prøver å få til ei samlokalisering, slik at veljarane kan avgje stemme til kyrkjevalget og Stortingvalet i same stemmelokale.

Vi legg opp til at opningstid for å kunne stemme blir den same for kyrkjevalet som for Stortingsvalet. Dette kjem vi attende til når praktiske tilhøve er avklart med Osterøy kommune.

Allereie før sommarferien vil namn på dei som stiller til val til sokneråda verta offentleggjort i Kyrkjehelsing og lokalpressa.

Alle medlemmar i Den Norske Kyrkja vil få tilsendt valkort til det kyrkjelege valet, på same måte som til Stortingsvalet.

Nytt ved dette valet er at det skal veljast 7 leke (ikkje kyrkjeleg tilsette) representantar av 10 representantar til Bjørgvin bispedømmeråd. I nominasjonskomiteen til dette valet er Roger Breivik representanten frå Nordhordland prosti.

- Meir informasjon om Kyrkjevalet 2009 her - <http://www.kirken.no/valg>


NYE KYRKJETEKSTILAR TIL BRUVIK KYRKJE

Søndag 1.februar vart dei nye kyrkjekstilane i grøn serie presentert for kyrkjelyden i Bruvik. Dei er finansiert av Bruvik kyrkjering, og laga av broderikunstnar Anne Landsverk. Ho kunne feira 20-årsjubileum som kyrkjekstilkunstnar i fjar, og arbeid som designer tok ho til med så tidleg som i 1970.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Foto: Anne Landsverk

Med oppvekst i Telemark og bustad i Bærum, har ho levert arbeid til 80 - 90 kyrkjer. Til Bragenes kyrkje i Drammen har ho laga 20 kyrkjekstilane, og i fjar arbeidde ho med ny messehakel, antependium og lesepultklede til Akershus slottskyrkje. Den største enkelttekstilen ho har laga, heng i Buskerud sjukehus sitt kapell. Alterveggteppet måler 260 x 205 cm. Anne legg stor vekt på form- og symbolspråket i arbeida sine. Tekstilane skal også harmonere med det kyrkjerommet dei skal brukast i. Derfor går dei kvite søylene fra altertavla med mørke felt imellom att



Den nye messehakelen si forside (til venstre), og baksida (over). Det er sokneprest Johannes Melve vi ser ved alteret.

som kvite stolpar eller band på tekstilane, med mørk grøn fløyel mellom.

På messehakelfronten finn vi ni aks utført i ulik farge og lengde. Som vekstsymbol kan dette visa at vi skal veksa i den kristne trua. Samstundes veit vi at korn kan bli til mjøl, og mjøl til brød. Aks kan derfor også vera symbol på nattverdsbrødet, som i sin tur er eit bilet på Jesu lekam. Vi finn også aks på ryggen til messehakelen.

Prekestolkledet er smykka med krossen, ankeret og hjarta: Tru, von og kjærleik. Lesepulten ber den greske krossen, med like lange kross-armar. Ut frå krossen strålar tre gullstråler i kvart felt. Trettalet viser til Faderen, Sonen og Den Heilage Ande. Tilsaman er der tolv stråler: Dei tolv apostlane. Den grøne serien sin hovudfarge symboliserer von og vokster. Det kvite innslaget står for rettferd, reinleik, lys og heilagdom. Og hjartet, kjærleiken, er sjølvsagt i raudt.

Eit imponerande stort løft frå Osterøy sitt talmessig minste sokn.

SOS FRÅ SØR

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon i 2009 set fokus på fattige menneske i møte med klimaendringane. Klimaaksjonen "SOS frå sør", tek på alvor at fattige menneske sender ut naudrop om meir tørke, flaum og ekstreme værforhold. Tysdag 31. mars vil bøsseberare i fleire sokn på Osterøy gå frå dør til dør og samle inn pengar til ofra for klimaendringane, og mange skulevar vil ha med seg ei fastebøsse heim frå skulen.

Flaumen i fjor var den største eg kan hugse. Vannet steig her på øya og folk sat på taka og ropte på hjelp. Viss naturkatastrofane blir fleire og sterkare, vil det råke oss hardt, seier Asha frå Bangladesh, ein av mange som ropar SOS, og ber oss ta klimatrugselen på alvor.



Medan vi i den rike delen av verda kan førebyggje og forsikre mot naturens øydeleggingar, står menneske i fattige land i fare for å miste alt når katastrofen råkar.

Difor går pengane frå fasteaksjonen i år blant anna til å gjere fattige i stand til å møte meir ekstremt ver. I flaumutsette område som Bangladesh inneberar det blant anna treplanting, som hindrar at verdifull jord blir vaska bort når flaumen råkar. Dessutan blir hus sikra mot flaum og det blir sett i gang lokale krisegrupper som har ansvar for flaumvarsling og bergingsarbeid når katastrofen skjer.

I Kenya som blir råka av hyppigare tørke, støttar Kirkens Nødhjelp prosjekt som samlar og lagrar regnvatn til tørre periodar. Dessutan dyrkar dei



planta jatropha, som trivst i tørre område og som gir biodrivstoff, velegna til straumaggregat og bilar.

Klimaendringar er tvinga stadig høgare opp på dagsorden i den vestlege del av verda, og Kirkens Nødhjelp ynskjer å markere at klimaendringar er et rettferdsspørsmål. Vi som bur i den rike delen av verda bidreg mest til endringane i klimaet og har derfor eit særleg ansvar for å lytte til SOS-ropa frå fattige menneske.

Ta derfor godt i mot bøsseberarane når dei bankar på døra di! Du kan og støtte aksjonen gjennom gi-vartelefon: 820 44 088 (175 kroner) eller via kontonummer 1594 22 87493.



FORSLAG TIL NY ALTERUTFORMING I HAMRE

Arbeidet med ny alterutforming i Hamre kyrkje er i full gang. Arkitekt Frode Ljøkjell har levert eit kreativt forslag som Riksantikvaren gjerne ser vert brukt som utgangspunkt. Her er eit manipulert biletet og dei spenstige tankane hans kring formgjevinga, som han også vil presentera på årsmøtet for Hamre kyrkjelyd.

Her er et forslag på nytt alter. Jeg har blitt inspirert av historien som Kristoffer Foldøy forteller i ”Om å gøyma bort historia: steinalteret i Hamre kyrkje”. Om de russiske besökende som ba om å få se under duken, som etter hva jeg forstår ble kimen til ønsket om å få laget et nytt alter.

Til alle tider har mennesket gjort seg alter, og alteret har vært et sted for offer til høyere makter. I bibelen leser vi om offerhandlingen som startet med Kain og Abels takk for grøde. Der ga Gud menneskene et frampek mot hans frelseplan gjennom kun å se til Abels slaktoffer, og ikke til Kains takk med grønt. Derfor har det vært alene slaktoffer som har gitt bot for menneskers skyld i det gamle testamentet. Etter at Moses ble gitt lovtavlene, har soning for synd og skyld blitt tydeliggjort ved at offerets blod ble strøket på arken som lovtavlene lå i.


Jesu korsfestelse og død var det endelige slaktofferet, som ofringer helt siden Abel har vært frampek på. Inntil da var det bare ypperstepresten som hadde tilgang på paktens ark, der den var plassert i tempelets ”aller helligste”; et rom bak et forheng.

Det er en sterk historie som forteller at da Jesus spikret på korset sier ”det er fullbrakt”, revner forhenget inn til det aller helligste, ovenfra og ned. Det skjulte blir synlig. Og fra da av kan vi lese; hadde ikke offerets handling noen effekt, fordi det endelige offer for menneskers skyld var gitt.

Derfra har alteret i kristen tradisjon blitt et sted med tilgang, et sted for kommunikasjon med Gud, et sted for takk, bønn og pris.

Formspråk

Med bakgrunn i de ideene jeg ble vist for nytt alter, har jeg laget et forslag som forsøker å fortelle historien; den gamle historien som er i steinalteret, den nye som ligger i å løfte til side alterduken og



anerkjenne fortiden, men og den evige historien i evangeliet, som har gitt alteret den funksjon det har i kristne kirker i dag.

Alterets topp og front derfor formet som en stilisering av en duk/forheng, som er åpnet i midten, med et glassfelt. Et slør som er løftet til side, eller et forheng som er revnet for å fortelle en hemmelighet, eller noe som var skjult. Konkret; steinalteret, symbolisk; samfunn med Gud.

Jeg har også valgt en buet overgang mellom topp og front, da jeg hadde problemer med å få en god form på et todelt glassparti. Jeg mener også at det er et godt utsnitt av steinalteret som kommer til syne her. Glassfronten er i en vinkel på om lag 85° (i forhold til gulv. Dette også med tanke på blitsrefleksjon ved fotografering (dåp, bryllup og lignende).

Materiale

Jeg har ikke mottatt noen konkrete ønsker for materialer, men det er etter hva jeg forstår et krav fra riksantikvar om fargebruk. Fargen skal være tilsvarende de mørke feltene i altertavlen. Jeg kan ikke se grunngivning for dette kravet, og må si at jeg finner


det underlig å gjøre alteret så mørkt, da dette vil få en veldig massiv framtoning. For øvrig er også altertavlen et objekt som har kommet på plass i kirken uten at det har noen særlig form- eller fargemessig tilknytning til kirkerommet for øvrig, og bør kanskje derfor også få lov til å være et eget objekt i rommet. (selv om fargen det henvises til antakelig er den samme som er å finne i detaljer på alterringen).

Jeg vil anbefale å heller hente farge fra kirkens veggger, en lysere gråblå, eller bruke den opprinnelige materialfargen i det nye alteret. Og da er tre et opplagt materiale. Hvis kravet fra riksantikvar er ufravikelig, anbefaler jeg Ask, som er et hardt treslag, med vakkert mønster som gir liv i mørke flater.

Hvis man ønsker den gråblå fargen står man friere, men en mindre porete overflate, som for eksempel bjørk kan gjøre jobben utmerket. Det kan også diskuteres om man vil ha forskjell på farge mellom topp/front og sidene. Jeg ser også for meg at en løsning med oljet eller lakkert Alm i treets egne varierte bruntoner hadde vært kledelig både for alteret selv, og for rommet. (Dette vil nok forutsette utskifting av alterring til samsvarende materiale og beslektet formspråk).

Jeg venter på svar fra glassprodusent om hvordan få tilvirket glass, og hvilken kvalitet dette bør være i (herdet, laminert, tykkelse osv.) og pris.

Størrelse/mål og begrunnelser



Høyden på alteret er gitt av høyden på steinalteret og en viss klarlengde til det nye. Bredden er 1900mm. Hver av delene som danner foldene i ”duken” er 100mm brede som det er seks av på hver side av glassfeltet, som er 700mm bredt. Dette i symmetri og med innbyrdes dimensjoner som gir et rent formspråk. Foldene symboliserer i antall apostlene, og med samme måltall er feltet med glass det bibelsk hellige tallet 7, som er den guddommelige midte, som sammen gir en subtil nattverdsstilisering om man vil.


For å gi et sterkere fundament for altertavlen, kan det være nødvendig å lage alteret dypere enn det er i dag. (dagens alter heller noe bakover, kanskje

på grunn av koncentrerter vekt på golvet rett under tavlen?) For å gi en fin symbolsk dimensjon på dette foreslår jeg å øke dybden med knapt 300mm, til 1440mm. (144 000 er for øvrig et omdiskutert tall omtalt i skriften fra Johannes åpenbaring 7 v/4, antallet på guds utvalgte trofaste tjener som representerer hele hans folk).

Øvrig

Dette er illustrasjoner og forklaring på et forslag for alter som jeg håper ikke går på tvers med hva som er ønsket. Håper også på tilbakespill og motforslag.

Med hilsen
Frode Ljøkjell





DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy prestegjeld

MARS

1. s. i faste, 1. mars 2009: Matt 4,1-11 1 Mos 2,8-9 og 3,1-19; Hebr 4,14-16

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Melve.

2. s. i faste, 8. mars 2009: Matt 15,21-28 1 Mos 32,24-30; 2 Kor 6,1-1

Hamre kl. 11: Høgmesse. Nattverd.
Rolf Eivind Monsen.

3. s. i faste, 15. mars 2009: Luk 11,14-23[-28] Sak 12,10; Ef 5,1-2.8-11

Bruvik kl. 11: Høgmesse. Nattverd.
Rolf Eivind Monsen.

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Melve.

Maria bodskapsdag, 22. mars 2009: Luk 1,26-38 Jes 7,10-14; Rom 8,1-4

Haus kl. 11: Familiegudsteneste. Melve.

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Nattverd.
Rolf Eivind Monsen.

5. s. i faste, 29. mars 2009: * 1 Mos 22,1-13 Hebr 9,11-15; Joh 11,45-53

Hamre kl. 11: Høgmesse. Nattverd.
Rolf Eivind Monsen.

APRIL

Fredag 3. april 2009

Hosanger kl. 10.30: Skulegudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til Fasteaksjonen.

Palmesundag, 5. april 2009: Joh 12,1-13 Sak 9,9-10; Fil 2,5-11

Gjerstad kl. 11: Familiemesse. Melve.
Fellesgudsteneste for alle sokna på Osterøy.
Anne Landsverk overleverer tre fiolette
kyrkjetekstilar og orienterer om symbol
bruken. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Avslutning av dåpsskulen for seksåringane.

Skjærtorsdag, 9. april 2009: Matt 26,17-29 2 Mos 12,3-8.11; 1 Kor 10,16-17

Osterøy tunet kl. 11: Nattverdgudsteneste. Sørheim.

Bruvik kl. 18: Nattverdgudsteneste. Melve.

Hosanger kl. 19: Nattverdgudsteneste med
påskemåltid. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Haus kl. 20: Nattverdgudsteneste. Melve.
Takkoffer til frivillighetssentralen.

Langfredag, 10. april 2009: Matt 26,30-27,50

Haus kl. 11: Pasjonsgudsteneste.

Hamre kl. 11: Pasjonsgudsteneste. Sørheim.

Påskennatt 11.-12. april 2009: Mark 16,1-8 2 Mos 14,1-22; Kol 3,1-4

Hamre kl. 23: Påskennattsgudsteneste.
Nattverd. Fellesgudsteneste for
alle sokna på Osterøy. Sørheim.
Melve. Osterøy kyrkjekor.

Torsdag 12. april 2009: Matt 28,1-8 Sal 118,14-24; 1 Kor 15,1-11

Gjerstad kl. 11: Høgtidsgudsteneste.
Fellesgudsteneste for alle sokna på
Osterøy. Sørheim. Monsen.
Takkoffer til Normisjon.

Torsdag 16. april 2009

Bruvik kl. 19: Samtalegudsteneste.
Kateket Gro Eman.

1. s. e. påske, 19. april 2009: Joh 20,19-31 Jes 43,10-13; 1 Kor 15,53-57

Haus kl. 11: Høgmesse. Nattverd.
Rolf Eivind Monsen.

Hosanger kl. 11: Samtalegudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til NMS, Lovsongheimen.

Torsdag 23. april 2009

Haus kl. 19: Samtalegudsteneste.
Kateket Gro Eman.

Hamre kl. 19: Samtalegudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til NMS, Lovsongheimen.
Konfirmantfest.

**2. s. e. påske, 26. april 2009: Joh 10,11-16 Esek
34,11-16a; 1 Pet 2,21b-25**

Bruvik kl. 11: Konfirmasjon. Rolf Eivind Monsen.

Hosanger kl. 11: Konfirmasjon. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Onsdag 29. april 2009

Gjerstad kl.19: Samtalegudsteneste.
Kateket Gro Eman.

MAI

3. s. e. påske, 3. mai 2009: Joh 16,16-22 Jes 43,16-19; Hebr 13,12-16

Haus kl. 11: Konfirmasjon. Melve og
cateket Gro Eman.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl. 11: Konfirmasjon. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**4. s. e. påske, 10. mai 2009: Joh 16,5-15 Esek
36,26-28; Jak 1,17-21**

Gjerstad kl. 10: Konfirmasjon. Melve og
cateket Gro Eman.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl. 12: Konfirmasjon. Melve og
cateket Gro Eman.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**5. s. e. påske, 17. mai 2009: * Jer 29,11-14a Ef
3,14-21; Joh 16,23b-28**

Hamre kl. 10 :Festgudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til Kirkens bymisjon Bergen.

Gjerstad kl. 10:Festgudsteneste. Melve.
Takkoffer til Kyrkjas SOS.

Bruvik kl. :Festgudsteneste.

Hosanger kl. 12 :Festgudsteneste. Sørheim.

Takkoffer til Kirkens bymisjon Bergen.

Haus kl.12: Festgudsteneste. Melve.
Takkoffer til Kirkens bymisjon Bergen.

**Heklgetorsdag (Kristi himmelfart), 21. mai 2009:
Luk 24,46-53 Dan 7,13-14; Apg 2,32-36**

Raknestunet kl. 11: Familiegudsteneste.
Sumaravslutning for sundagsskulane.
Sørheim. Takkoffer til Osterøy
sundagsskulelag.

6. s. e. påske, 24. mai 2009:

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Sørheim. Nattverd.
Takkoffer til Samemisjonen.

**Pinsedag, 31. mai 2009: Joh 14,23-29 1 Mos
11,1-9; Apg 2,1-11**

Haus kl. 11: Høgtidsgudsteneste.
Pastor Nils Arne Lavik.
Takkoffer til Bergen Såndagsskulekrins.

Hosanger kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til Normisjon.

TAKK

To av dei som har vore med i redaksjonsnemnda for Kyrkjeheising sluttar av etter mange års arbeid. Øyvind Vevle og Elna Mjelstad har lagt ned stort arbeid for bladet. Me vonar at dei framleis kan levera stoff til bladet, men me vil takka for den tida dei har vore med i bladarbeidet!

Nye medlemmer i redaksjonsnemnda vil vera i arbeid frå neste nummer av.

Slekters gang

HAUS

Døypete:

- 18.01 Vilde Edvardsdal (Hamre sokn)
 08.02 Johannes Hundhammer
 08.02 Sandra Hundhammer Lilletvedt (Hamre sokn)

Vigde:

- 08.11 Elisabeth Tømt og Tor Olav Hugdal Kalberg

Gravlagde:

- 19.11 Magnus Johan Heimvik (f. 1931)
 20.11 Malena Hundhammer (f. 1912)
 12.12 Olav J. Mjelde (f. 1920)
 07.01 Jorunn Marie Solveig Veseth (f. 1920, biseitt)
 15.01 Alf Mjelde (f. 1923)
 27.01 Arild Gunnar Gundersen (f. 1968, biseitt)
 05.02 Per Johannesen (f. 1940, biseitt)
 05.02 Aud Marie Askeland (f. 1957, busett Bergen)

HOSANGER

Døypete:

- 11.01 Oscar Nesheim
Vigde:
 11.10 Berta Jorunn Vikesund og Thor Førde Hatleholth

- 13.12 Anne Marthe Kallestad og Erlend Hanstveit

Gravlagde:

- 11.12 Ingrid Røsland (f. 1918, busett Bergen)
 19.12 Sigrunn Fotland (f. 1947)
 23.12 Leif Ove Bjørsvik (f. 1941)
 06.01 Gudmund Martin Bolstad (f. 1931, biseitt)

BRUVIK

Døypete:

- 01.02 Tinnea Bernes Bruvik (Haus sokn)
 01.02 Jonathan Andersen Flølo

Gravlagde:

- 20.01 Ole Olsnes (f. 1924)

HAMRE

Døypete:

- 09.11 Mikael Högstein

23.11 Arin Losnegård Vassdal

07.12 Ludvik Last-Fløisand (Fjell sokn)

25.01 Trym Larsen Tveiten (Landås menighet)

08.02 Laurits Kloving Rød

08.02 Telma Utvær Bernes

08.02 Marianne Hundven Slettemoen (Åsane menighet)

08.02 Sandra Hundhammer Lilletvedt (Haus kyrkje)

Vigde:

- 06.12 Linda Therese Sandvik Dale og Stian Wilhelm Matre

Gravlagde:

- 09.12 Unny Tepstad (f. 1970)
 09.12 Ida Valestrand (f. 1917)
 11.12 Anna Almås (f. 1928, biseitt)
 17.12 Marta Birkeland (f. 1917)
 30.12 Margit Reigstad (f. 1918)
 10.02 Alf Johannesen Fosmark (f. 1920)
 18.02 Trond-Helge Helland Knutsen (f. 1971)

GJERSTAD

Døypete:

- 16.11 Sandra Gabriella Wågsberg
 26.12 Maria Njaastad
 01.02 Leah Mathilde Reigstad Njåstad
 01.01 Maiken Krakhella Hekland (Hosanger sokn)
 22.02 Sofie Kollvangsnes

Gravlagde:

- 19.12 Bergit Reigstad (f. 1915)
 02.12 Øystein Antun (f. 1928)
 05.12 Erling A. Løtveit
 16.12 Arnljot Rongved (f. 1929)
 23.12 Ingrid Høium (f. 1929)
 13.01 Øystein Rundhovde (f. 1914)
 16.01 Hjørdis Hagebø (f. 1927)
 23.01 Jorunn Gjerstad (f. 1955)
 26.01 Åshild Njåstad Revheim (f. 1946)

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

 BLINK HUS

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLKS TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg

 SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER

AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

FjordSlottet



HOTELL & BAD
www.fjordslottet.no | 5283 Fotlandsvåg | Tlf: 56 39 50 90

Vevle Mekaniske Verkstad

Telefon: 56 39 26 75
Epost: a-bjvev@online.no
5282 Lonevåg

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

EIN KVILESTEIN

Ei stund før jul fekk eg i hendene ei fin lita bok. Det var diktsamlinga "Ein kvilestein", av Anna Lyngøy. I denne fjerde diktsamlinga held Anna Lyngøy fram i den same kvardagslege og lune tonen som tidlegare. Dette er dikt som får ein til å tenkje, til å nikka attkjennande og av og til trekkja på smilebånda.. Her er det mange fine stemningar og ord til ettertanke. Samarbeidet med den lokale kunstnaren Magna Eknes gjev fine levande illustrasjonar gjennom boka. Eg kan kjenna att fleire liknande minne i fleire av dikta som t. d. "Lappeteppet"

*"Eit gamalt lappeteppe
Ein arv i frå ho mor
Det vakre fargespelet
fortel om tid som for."*

Eg tek og med diktet "Bøn".

*Samla i skåler
er våre bøner
røykelsen angår
frå brennande bøn.
Bak alle stjerner
vaker Guds auga
varleg han vaktar
den rykande veik.*

Boka er å få kjøpt i Osterøy bok og papir i Lonevåg. Ei fin bok som er god å ta fram i stille stunder, ei fin gåve til ein god ven, - eller til deg sjølv.

- Olav Meltvik



Anna Lyngøy

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

REKLAME

Som leserane ser, er ei side i dette nummeret av "Kyrkjeheising" dekt av annonsar. Slik vil det vera framover også, for å få økonomien i bladet til å gå rundt måtte vi ty til dette grepet.

Vi har vurdert sponsorinntekter ei tid, og det fins gode grunnar for å halda rekame utanfor spaltene i eit blad av denne kategorien. Men dersom ikkje utgjeving av bladet skulle belasta den allereie hardt pressa økonomien i Kyrkjeleg fellesråd, fann vi det rett å opna for annonsar.

Når det er sagt, vil vi også nytta høvet til å takka sponsorane som har sett inn pengar på kontoen vår. Saman med dei frivillige bladpengane som kjem inn frå leserane har vi no eit budsjett som går rimeleg i ballanse.

FRIST FOR STOFF TIL NESTE NUMMER:

15.04.09

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com